

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Vår dato: 06.10.2016
Vår ref.: 201200418-6
Arkiv: 323
Dykkar dato: 01.09.2016
Dykkar ref.: 201007323/324

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Motsegn til områderegeringsplan Vårheia - GBnr 302/1 mfl - PlanID 61730000 - Bergen kommune

Vi syner til brev frå Bergen kommune datert 01.09.2016. Saka gjeld offentleg ettersyn av områderegeringsplan Vårheia. To delområde i områderegeringsplanen er detaljregulert. Dette er detaljreguleringsplan Mjeldheim og detaljreguleringsplan Litlevardhei.

NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at skredfare mot planlagde byggeområde ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dersom det vert gjennomført ei faresonekartlegging og konklusjonar frå denne blir innarbeidd i plankart og føresegner, fell grunnlaget for motsegna bort.

Rambøll har utarbeidd ein geologisk rapport (dat. 22.09.2014) for planområdet. Rapporten vurderer 10 ulike delområde og konstaterer skredfare i fleire av desse. Rambøll sin rapport er ikkje eigna som dokumentasjon på skredfare innanfor planområdet. Avgjerande for vår konklusjon er:

- Det er ikkje utarbeidd faresonekart, dvs. kart som syner kva areal som ikkje tilfredsstillir Byggteknisk forskrift (TEK10) sine akseptkriterium for tryggleiksklassane S1-S3 (jf. § 7-3).
- I risikomatrissen er det nytta sannsynsklassar der sannsynet ikkje er definert nærare. Klassane er ikkje kopla til akseptkriterium i TEK10.
- Etter det vi kan sjå omfattar vurderinga berre steinsprang og snøskred. Dokumentasjon på skredfare i plan- og byggesaker må omfatte alle typar skred.
- Det ein kan finne av relevante konklusjonar er lite eintydige og til dels direkte sjølvmotseiande.

I plankartet finn vi 3 omsynssoner H310 Ras- og skredfare utan at det går fram av planmaterialet kva som er grunnlaget for å avgrense desse slik det er gjort.

NVE har motsegn til planen (områderegeringsplanen og dei to detaljreguleringsplanane) inntil skredfare er tilstrekkeleg kartlagt, og konklusjonar frå denne kartlegginga er innarbeidd i plankart og føresegner.

For at grunnlaget for motsegna skal falle bort må Bergen kommune syte for ei meir systematisk kartlegging av skredfare i planområdet. Alt areal som er skredutsett må syne i plankartet som

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

omsynssoner. Vi syner til NVE retningsline 2/2011 «*Flaum- og skredfare i arealplanar*» og DIBK sin nettbaserte rettleiar «Utbygging i fareområde» der det går fram at reell fare skal kartleggast på reguleringsplannivå. Vidare syner vi til KMD sin reguleringsplanrettleiar og NVE retningsline 2/2011 der det går fram at fareområde alltid skal syne i plankartet som omsynssone på reguleringsplannivå.

I første omgang er det naudsynt å kartlegge kva areal som kan vere skredutsett. Aktsemdkarta som NVE har publisert på NVE Atlas er eit utgangspunkt. Alle aktsemdområde for alle skredtypar må få ei tydeleg oppfølging i ROS analysen. For å fange opp potensiell skredfare i mindre skrentar og skråningar som aktsemdkarta ikkje fangar opp er det naudsynt å utarbeide eit hellingskart som kan avdekke andre lausneområde for skred. Hellingsvinklar/-intervall bør tilpassast slik at ein fangar opp lausneområde for alle typar skred. NVE rår til at det vert utarbeidd eit hellingskart med følgjande intervall:

Hellingsintervall for hellingskart	
0 - 25	
25 - 30	Mogleg lausneområde for jordskred
30 - 45	Mogleg lausneområde for jordskred og snøskred
45 - 60	Mogleg lausneområde for snøskred og steinsprang
60 - 90	Mogleg lausneområde for steinsprang

Alle identifiserte moglege lausneområde for skred som kjem i tillegg til aktsemdområde henta frå NVE Atlas må og få ei tydeleg oppfølging i ROS analysen. Det er viktig å hugse på at dette berre er moglege lausneområde, og at utlaupsområde nedanfor lausneområda kjem i tillegg. Fagkyndige må kartlegge reell skredfare i område der skredfare ikkje kan utelukkast, og der planen opnar for utbygging. I dei områda det er krav om detaljreguleringsplan er det akseptabelt at farekartlegginga vert utsett til den planprosessen. I så fall må aktsemdområde/område med potensiell skredfare markerast i plankartet med omsynssone H310 Ras og skredfare. Det same kan ein gjere i område der det ikkje vert opna for utbygging.

Til arbeidet med kartlegging av skredfare må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggt teknisk forskrift (TEK10). Ev. fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone (jf. PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik for utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk i område utanfor planområdet for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

Innanfor planområdet går fleire 132 kV kraftleidningar som er ein del av regionalnettet. Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d) i plankartet. Deler av desse leidningane er sett av som omsynssone H370. Vi meiner omsynssone som syner kraftleidningar må settast av i plankartet som H740 «Bandlegging etter andre lover».

I følgje planskilddinga kap. 5.10 er det lagt opp til å legge deler av desse leidningane i jordkabel. Det er i samarbeid med BKK utarbeidd konsesjonssøknad for å legge desse i bakken. I plankartet syner berre deler av dei omtalte kraftleidningane i plankartet som omsynssoner. Dette tolkar vi slik at planen skildrar ein framtidig situasjon, etter at deler av leidningane er lagt i jordkabel. Då kraftleidningane i regionalnettet er unnateke frå PBL kan ikkje planen nyttast til å styre fjerning og oppsetting av slike kraftleidningar. Inntil det er gjort særlovsvedtak etter energilova om at luftleidningane skal fjernast og leggast i jordkabel må eksisterande line syne i plankartet som omsynssone (PBL § 11-8 d/H740).

Omsøkte liner må også syne i plankartet som omsynssone H740. Det kan ikkje vedtakast føresegner knytt til omsynssonene som er styrande for oppretting og/eller fjerning av linene. Dette er ikkje i veggen for at det vert gjeve t.d. rekkefølgeføresegner for arealbruksføremål der fjerning av lina er ein føresetnad for utbygging.

NVE er nøgde med at det vert lagt opp til å nytte Ullbergvatnet og Stemmevatnet som viktige element i grøntstrukturen. Vidare inngår bekken vest for Fabiansvarden og Gråberget i eit grøntområde og ei omsynssone «Bevaring naturmiljø».

På den andre sida manglar markering av fleire bekkar i plankartet, her under også Grunnavatnet. I føresegnene kap. 1.13.3 går det fram at vassdrag og bekker innanfor føremål §6 Grønstruktur og §7 LNF skal haldast opne og kantvegetasjon bevarast. NVE meiner at Bergen kommune bør ha større ambisjonar på vegne av vassdrag og bekker enn kva dette gjev uttrykk for. Vi rår sterkt til at Bergen kommune gjer det til ein hovudregel ved vidare detaljreguleringsplanlegging og utbygging at vassdrag og bekker skal haldast opne og kantvegetasjon oppretthaldast. Vi syner til vassressurslova § 11. Område der planen i detalj legg opp til nedbygging av bekker og vassdrag, t.d. Grunnavatnet bør omarbeidast med utgangspunkt i å oppnå mest mogeleg opne bekkelaup.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Bergen kommune, Etat for plan og geodata